

Fra: Hovland, Odd Harald [<mailto:odd.harald.hovland@bomlo.kommune.no>]

Sendt: 28. mai 2014 09:38

Til: Tom-Christer Nilsen

Kopi: Anna Elisa Tryti

Emne: 2024 – 1000 års markering for at Kristenretten - konferanse 15.08.2014

Syner til eigarmøte med Moster amfi A/S måndag, 26.05.14. Det er som nemnt under planlegging ein konferanse med bakgrunn i 2024 – 100 årsmarkering for Kristenretten. Bømlo kommune, Moster amfi og Bømlo teater hadde eit eige møte om dette med Fylkeskultursjefen seinare same dag. På dette møtet vart det stilt spørsmål om Hordaland Fylkeskommune kan vere medarrangør i samband med konferansen. Dei andre aktørane ser dette som naturleg og spørsmålet vert med dette løfta fram for Fylkesordføraren.

Litt om konferansen 15.08.14:

Konferansen er lagt til Kulturhuset vårt på Svortland.

Tida for konferansen er 15.08.14. med start kl 15.00 og blir avslutta med framsyning av musikalen West Side Story i Moster Amfi.

Mål med konferansen:

Nærme oss eit grunnlag og dokumentasjon på om 2024 – 1000 års markering for at Kristenretten blei opplest og vedteken på Mostratinget i 1024, er verd ei nasjonal feiring.

Arrangørar er: Bømlo kommune, Bømlo Teater, Moster Amfi, Samarbeidsrådet for Sunnhordland og vonleg Hordaland Fylkeskommune.

Målgruppe er : Stortingspolitikarar frå Rogaland og Haugaland, Formannskapa i Karmøy, Hgsd., Sveio, Bømlo, Stord og Sveio. Kulturutvala i Hordaland og Rogaland. Destinasjonsselskapa på Haugalandet og Visit Sunnhordland. Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Kulturadministrasjonen i Hordaland og Rogaland.

Foredragshaldarar:

Fylkeskultursjefen/professor Knut Helle/ Rettshistorikar og jurist Jørn Øvrehagen Sunde.

Svein Tindberg: Nytt manus Mostraspelet med fokus på Olav Haraldsson og Kristenretten.

Paneldebatt.

Skisse til budsjett:

Budsjettskisse: Utgangspunkt er 100 deltakarar.

Utgifter tekst	Utgifter kr.	Inntekter tekst	Inntekter kr.
Foredragshaldar	5000,-	Konferanseavgift: 1024,-x 100	102.400,-
Leige kulturhus + tekniske support	10.000,-	Samarbeidsrådet: Yter tilskott:	
Beverting: 350,- x 100	35.000,-	Hordaland fylkeskommune:	
Teaterbillett: 540,- x 200	108.000,-	Bømlo Kommune: Koordinering konferanse.	60.000,-
Lønskostander koordinering konferanse. Kostnader utsending	60.000,-	Moster Amfi: dekker aperitiff i Sagatunet.	2.000,-

og fakturering.			
Utlegg servering Sagatun:	2.000,-	Bømlo Teater still x plasser til disp.	14.600,-
Totalkostnad:	220.000,-	Inntekt totalt:	179.000,-

Differanse 41.000,- må dekkast av t.d. Hordaland Fylkeskommune og eller Samarbeidsrådet.

Som det går fram av budsjettet yter Bømlo kommune 60.000 i løn og fakturering.

Med helsing

Odd Harald Hovland

Ordfører



Bømlo kommune

Dir.tlf :(+47)53423010 Mobil:(+47)99293393 E-post:odd-harald.hovland@bomlo.kommune.no